

Dialogkort vg2

Kapittel 10 Renaissance

Spørsmål

I kva for eit hundreår reknar ein med at renessansen oppstod i Europa og Noreg?

Svar

Europa: 1300-talet

Noreg: 1500-talet



Dialogkort vg2

Kapittel 10 Renaissance

Spørsmål

Kva betyr ordet *renessanse*?

Svar

Gjenfødning

intertekst

Dialogkort vg2

Kapittel 10 Renaissance

Spørsmål

Kva var renessansen ei gjenfødning av?

Svar

Det var ei gjenfødning av den antikke kulturen frå det gamle Hellas.



Dialogkort vg2

Kapittel 10 Renaissance

Spørsmål

Var det forskjellar på kva europeiske og norske kunstnarar eller diktarar såg tilbake mot i renessansen?

Svar

Norske humanistar såg i tillegg tilbake til eldre norsk historie. Peder Clausson Friis omsette mellom anna *Heimskringla* frå norrønt til dansk.

intertekst

Dialogkort vg2

Kapittel 10 Renaissance

Spørsmål

Kva syn hadde renessansediktarane på mellomalderen, altså tida før renessansen?

Svar

Dei såg på mellomalderen som ei mørk tid.



Dialogkort vg2

Kapittel 10 Renaissance

Spørsmål

Kvifor kan ein sette merkelappen «humanisme» på tankar frå denne tida?

Svar

Ein sette mennesket i sentrum. No stod mennesket i sentrum av skaparverket, og menneska skulle bruke evnene sine til å utforske og forstå skaparverket. Ein hadde mennesket i fokus → humanisme.

intertekst

Dialogkort vg2

Kapittel 10 Renaissance

Spørsmål

Forklar kvifor boktrykkarkunsten førte til store endringar i samfunnet.

Svar

Det blei billigare og lettare å produsere bøker og anna skriftleg materiale. Då kunne fleire folk få tak i desse skriftene. Dette blei viktig for å spreie kunnskap.



Dialogkort vg2

Kapittel 10 Renaissance

Spørsmål

Kva er reformasjonen?

Svar

Martin Luther kritiserte den katolske kyrkja for å utnytte makta dei hadde. Ei kyrkje skulle vere for folket. Alle skulle forstå kva som blei sagt og sunge i kyrkja, og kyrkja skulle ikkje utnytte makta si til å krevje inn pengar frå dei som gjekk i kyrkja.

intertekst

Dialogkort vg2

Kapittel 10 Renaissance

Spørsmål

Kvifor fekk reformasjonen store konsekvensar for samfunnet?

Svar

Det blei ei viktig endring fordi reformasjonen førte til maktforskyving – både i kyrkja og i samfunnet.



Dialogkort vg2

Kapittel 10 Renaissance

Spørsmål

Skriv tre stikkord om det norske samfunnet i denne tida.

Svar

Det var få lærde, måtte til utlandet for å studere, lite kultur.

intertekst

Dialogkort vg2

Kapittel 10 Renaissance

Spørsmål

Kva slags tekstar skreiv Absalon Pederssøn Beyer, og kvifor kan vi seie at tekstane hans er typiske renessansetekstar?

Svar

Han skreiv historieverk. Han samanlikna landet si historie med eit menneskeliv. Tekstane er skrivne på morsmål. Han utforskar landet og historia som del av skaparverket. Han skreiv òg dagbøker om kvardagslivet sitt. Dette er uttrykk for humanisme.



Dialogkort vg2

Kapittel 10 Renaissance

Spørsmål

Kva slags tekstar skreiv Peder Clausson Friis, og kvifor kan vi seie at tekstane hans er typiske renessansetekstar?

Svar

Han skreiv topografiske framstillingar, skildringar av landskap der han blanda geografi og historie, utforsking av skaparverket, brot med religiøse forteljingar. Han hadde blikket mot nasjonen, samfunnet og folket som budde der, ikkje berre mot ein skapar.

intertekst